



ØRSTA KOMMUNE

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

dok 62

Saksnummer	200605491	Dato	20.11.06
Kode	K.I.-501	Beh.	

Arkivsak: 06/01188

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE - HØYRING

Sakhandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivkode:	112 & 13
Utvalsak	Utval	Møtedato	
0116/06	FORMANNSKAPET	14.11.2006	

VEDTAKET LYDER:

Ørsta formannskap sluttar seg til konklusjonane fleirtalet i utvalet til å kome med framlegg til fråsegn til NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje har kome med:

- Ørsta kommune sitt syn er å halde på statskyrkjeordninga i si noverande form og at statskyrkjeordninga vert forankra i Grunnlova.
- Ørsta kommune er av den oppfatning at kyrkja i framtida skal offentleg finansierast utan medlemsavgift. Ørsta kommune meiner at dei økonomiske sidene ved kyrkja si framtid er for lite utgreidde og ber om eit initiativ frå Kultur – og kyrkjedeptet. om ei utgreiing om finansiering av kyrkja. Dette gjeld m.a anna spørsmålet om staten og kommunane si rolle med omsyn til korleis drifta til fellelrådet/soknerådet /kyrkjegardane og kyrkjebygga skal finansierast i ei "Statskyrkjeordning".

Rett utskrift:

Ørsta formannskapskontor, 16.11.2006

K. Osvik
Kari Osvik
førstesekr.

Utskrift til:

Medlemene
Kyrkje og kulturdepartementet

Vedtak/handsaming i FORMANNSKAPET den 14.11.2006

HANDSAMINGA:

(9 r.f.)

FrP, H og KrF fremja slikt framlegg:

Ørsta formannskap syner til vurderingane som er gjort i utvalet og har fylgjande fråsegn:
Den norske kyrkje som statskyrkje vert å avvikle og forankrast i ei eiga kyrkjelov vedteke av stortinget.

Ved alternativ avrøysting vart rådmannen sitt framlegg med innleiing og 2 kulepunkt, vedteke med 5 røyster. 4 røysta for framlegget frå FrP, H, KrF (ordf., Olav Barstad, Guttorm Sætre, Marta Standal)

Rådmannen si tilråding kulepunkt 3 og 4 fekk 3 røyster og fall (Guttorm Sætre, Toril Langlo, Ola Perry Saure). **6 røysta mot.**

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : **Asbjørn Moltudal**

Arkiv: **112 &13**

Arkivsaksnr.: **06/01188**

Saka gjeld: **STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE - HØYRING**

TILRÅDING:

Ørsta formannskap sluttar seg til konklusjonane fleirtalet i utvalet til å kome med framlegg til fråsegn til NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje har kome med:

- Ørsta kommune sitt syn er å halde på statskyrkjeordninga i si noverande form og at statskyrkjeordninga vert forankra i Grunnlova.
- Ørsta kommune er av den oppfatning at kyrkja i framtida skal offentleg finansierast utan medlemsavgift. Ørsta kommune meiner at dei økonomiske sidene ved kyrkja si framtid er for lite utgreidde og ber om eit initiativ frå Kultur – og kyrkjedeptet. om ei utgreiing om finansiering av kyrkja. Dette gjeld m.a anna spørsmålet om staten og kommunane si rolle med omsyn til korleis drifta til fellesrådet/soknerådet /kyrkjegardane og kyrkjebygga skal finansierast i ei ”Statskyrkjeordning”.
- Ørsta kommune meiner at kommunen må ta ansvaret for gravferdsforvaltninga.
- Kommunane bør vere eigar av kyrkjebygningane.

Vedlegg:

Utval v/utvalsleiar Petter Bjørdal, FRAMLEGG TIL FRÅSEGN TIL NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE, 23.10.2006

Uprenta saksdokument (følgjer saka):

Samandrag:

Formannskapet vedtok i møte 05.09.2006, F.sak 89/06 å oppnemne eit utval til å kome med framlegg til fråsegn til NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje.

Utvalet har no kome med fråsegn og denne vert lagt fram for formannskapet til handsaming.

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i møte 05.09.2006, F.sak 89/06 å oppnemne eit utval til å kome med framlegg til fråsegn til NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje.

Medlemene i utvalet har vore:

- 1. Jogeir Pilskog**
- 2. Ottar Berge**
- 3. Petter Bjørdal**
- 4. Toril Langlo**
- 5. Marta Standal**

Frist for nemnda vart set slik at saka kunne handsamast i formannskapet innan 15. november.

Utvalet har hatt to møter.

Konklusjonar til utvalet:


- Fleirtalet ber formannskapet om å rå til at Ørsta kommune sitt syn er "å halde på statskyrkjeordninga i si noverande form og at statskyrkjeordninga vert forankra i Grunnlova. Eit mindretal støttar Gjønnestutvalet sitt syn der kyrkja vert fristilt, men vert lovforankra med ei eiga lov.
- Fleirtalet meiner vidare at kyrkja i framtida skal finansierast som no utan medlemsavgift. Utvalet seier vidare at dei økonomiske sidene ved kyrkja si framtid er for lite utgreidde og ber om eit initiativ frå Kultur – og kyrkjedeptet. Om ei utgreiing om finansiering av kyrkja.
- Når det gjeld gravferdsforvaltninga meiner fleirtalet at kommunen må ta dette ansvaret, medan eit mindretal meiner det er fellesrådet/soknerådet som skal ha ansvaret som no.
- Fleirtalet er av den oppfatning at kommunen bør vere eigar av kyrkjebygningane.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen har ikkje særleg mange merknader til saka utover det utvalet har kome med, og vil tilrå innstillinga slik ho ligg føre.

Eg vil likevel påpeike at dei økonomiske sidene ved kyrkja si framtid er for lite utgreidde og støttar utvalet sitt syn på at Kultur – og kyrkjedeptet. bør ta initiativ til ei utgreiing om finansiering av kyrkja. Dette gjeld m.a anna spørsmålet om staten og kommunane si rolle med

omsyn til korleis drifta til fellesrådet/soknerådet/kyrkjegardane og kyrkjebygga skal finansierast.



Per Hovden
rådmann



Asbjørn Moltudal

Ørsta, 23. oktober 2006.

ØRSTA KOMMUNE		
Sektor	Saksnr.	
SEN	Moltudal	
31.10.2006		
Løpnr.:	014483/06	
Saksnr.:	06/01188-008	Gradering
Arkivk.:	112 513	7


Ørsta Formannskap
Rådhuset
Ørsta


Framlegg til fråsegn til NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE

Utvalet som blei oppnemnd av Ørsta Formannskap den 5. september d.å. vil med dette sende over resultatet av arbeidet og takke for tilliten som er synt oss, og for oppdraget vi fekk.

Utanom konstitueringsmøtet, som også blei eit møte for innføring i oppdraget og for generell drøfting av temaet, har utvalet hatt eitt møte. Dette i form av ei arbeidsøkt over nokre timar om ettermiddagen torsdag 19.10.

Vi er leie for at den tida som kunne nyttast til utvalsmøte var slik at alle utvalsmedlemmane ikkje kunne kome saman til same tid på same stad. Vi måtte derfor fastsetje møtetid ut frå når eit fleirtal kunne møte. Dessverre førte dette til at to medlemmar ikkje har vore med på utvalsarbeidet.


Petter Bjørdal
utvalsleiar


Ottar Berge
sekretær

FRAMLEGG TIL HØYRINGSFRÅSEGN OM NOU 2006:2, 'STATEN OG DEN NORSKE KIRKE'.

Utval og utvalsarbeidet.

På formannskapsmøtet den 5. september d.å. blei følgjande personar oppnemnde til utval for å kome med framlegg til kommunal fråsegn om NOU 2006:2 : Jogeir Pilskog, Ottar Berge, Petter Bjørdal, Toril Langlo og Marta Aa Standal. Petter Bjørdal var beden om å kalle utvalet saman og stå for konstitueringa av det. Av ymse årsaker, som tenesteoppdrag, haustferie og avtalar som var gjorde, har det vore umogeleg å samle heile utvalet og utvalsmøta har derfor måtte vere på tider eit fleirtal kunne møte. Dette framlegget er derfor skrive av Pilskog, Berge og Bjørdal. Ved konstitueringa blei Petter Bjørdal valt til leiar og Ottar Berge til sekretær.

Grunnlagsmateriale for utvalsarbeidet.

Som grunnlag for arbeidet har utvalet nytta ymse dokument, artiklar og orienteringsmøtet i Kulturhuset som kommunen og det kyrkjelege fellestrådet sto saman om å arrangere. Dei grunnleggande dokumenta har vore 1) sjølve utgreiinga frå Gjønnestutvalet, 'Staten og Den norske kirke', som Kultur- og kyrkjedepartementet sende ut på høyring som NOU 2006:2 og 2) KKD sitt offisielle samandrag av utgreiinga, kalla brosjyre.


Vi legg ved begge desse dokumenta. NOU 2006:2 vil ein og finne på Internett under www.odin.no og klikke seg fram til Kultur- og kyrkjedepartementet og der direkte til den aktuelle NOU-en. Ved å klikke der vil ein og finne anvising til 'Høringsmateriell' og i venstre rubrikk der vil ein finne 'Veiledninger og brosjyrer'.

Forma på utvalet sitt framlegg.

Sers mange instansar har fått utgreiinga tilsendt med føljeskriv om å levere høyringsfråsegn til departementet og teoretisk kan det bli levert 2500 fråsegn. Departementet har bede om korte svar og lagt ved skrivet om høyringsrunden og –arbeidet eit skjema som det ber høyringsinstansane nytte.

Ut frå dette har utvalet valt å gi vårt framlegg til Ørsta Formannskap i form av utfylling av dette skjemaet frå departementet. I vedlegget viser vi til tilfella av fleirtals- og mindretalshaldningar og til at vi på eitt punkt ønskjer at kommunen skal gi kort kommentar til utfyllinga av skjemaet. Denne kommentaren gjeld først og fremst punkt 4, men gjeld og punkta 7 og 8.

Ørsta, 21. oktober 2006.


Ottar Berge,
Sekretær

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Ørsta kommune

Type høringsinstans

- Kommune
 Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
 Prost/biskop
 Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
 Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
 Annen offentlig instans
 Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

**DET MÅ GRUNNLOVSFESTAST AT
STATEN SKAL FØRE EIN AKTIV STØTTANDE TROS- OG
LIVSSYNSPOLITIKK**

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
 Bør avvikles
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
 Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
 Lov om trossamfunn
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
 Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
 Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
 Offentlig finansiering uten medlemsavgift
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
 Det kristne og humanistiske verdigrunlaget
 Det humanistiske verdigrunlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellelsråd)
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Vedlegg til svarskjemaet og informasjon.

(Sidetalet i det offisielle samandraget av NOU 2006:2 (brosjyra), som det blir vist til her, fell ikkje saman med talet på ark som kopien vi legg ved har. Dette av di vi ikkje har kopiert opp bilete i brosjyra.)

A Vedlegg til svarskjema.

- Punkt 2 : Fleirtal på 2 : rute 1. Ønskjer 'Grunnlovsforankret folkekirke'.
Mindretal, 1 : rute 2. Ønskjer 'Lovforankret folkekirke'
Sjå s. 19-21 (spesielt s. 20-21) i brosjyra.
- Punkt 3 : Fleirtal, 2 : rute 1. Fleirtalet vi sikre best mogleg stabilitet for forankringa av Den norske kyrkja
Mindretal, 1 : rute 2. Av omsyn til tilhøvet mellom Den norske kyrkja og dei andre kristne kyrkjesamfunna og særstoda for DNK i høve til desse og at DNK derfor ikkje skal bli forankra i same lov, Lov om trdomssamfunn.
- Punkt 4 : Semje i utvalet om svaret på skjemaet og om å rå Formannskapet til å skrive dette vedlegget til punktet 4 :
Vi opplever dei økonomiske modellane og konsekvensane i NOU 2006:2 som for lite utgreidde.
Vi ber om at Kultur- og kyrkjedepartementet initierer ei ny utgreiing som tar føre seg finansieringa av Den norske kyrkja.
Sidan til dømes økonomien ved kyrkjebygg og kyrkjegardar er svært mangelfullt utgreidd, vil vi hevde at korkje departement eller Storting kan fatte meiningsfulle vedtak før kyrkjelege organ er rådspurde.
- Punkt 7 : Fleirtal, 2 : rute 2. Viser til s. 23 i brosjyra
Mindretal, 1: rute 1. Viser til at ordninga i dag fungerer godt og at undersøkingar over heile landet seier at folk er godt nøgde med henne, m.a. fordi pårørande i vanskeleg livssituasjon berre treng vende seg til ein og profesjonell instans. Dette også om dei ikkje er medlem av DNK.
- Punkt 8 : Fleirtal, 2 : rute 3. Er oppteken av situasjonen ved avfolking og for den økonomiske evna i utkantstrok.
Mindretal, rute 2. Samd med fleirtalet om det økonomiske ansvaret, men trur vedlikehaldet blir betre følgde med på og teken hand om ved lokalt engasjement for eigen kyrkje.
- B Informasjon.
Henta frå brosjyren "Tro, livssyn og tradisjon. Om forholdet mellom staten og Den norske kirke", s. 9.

Medlemstall for kristne trossamfunn utenfor Den norske kirke :

	1990	2004
Den romersk katolske kirke	26.580	46.308
Pinsemenigheter	43.471	45.875
Den evangelisk lutherske frikirke	20.360	21.389
Metodiskkirken i Noreg	15.447	12.468
Det norske baptistsamfunn	11.836	10.261
Det norske misjonsforbund	7.416	8.745
Den ortodokse kirke	1.222	4.827
TOTALT	126.332	149.873

Medlemstall for ikkje-kristne tros- og livssynssamfunn :

	1990	1995	2004
Muslimske trossamfunn	19.189		80.838
Human-Etisk Forbund	49.428		69.652
Buddhistforbundet	3.012		9.968
Hinduiske trossamfunn		1.636	3.321
Sikhistiske trossamfunn		1.334	3.110
Det mosaiske trossamfunn	1.000		961
Bahai-samfunnet i Noreg		667	900